

# SAUDA UNGDOMSLAG

1909—1964

LAGSSOGE

SKRIVEN AV

EGIL BAKKA OG MAGNE EIESLAND

UTGJEVAR: SAUDA UNGDOMSLAG

SAUDA BOKTRYKKERI A/S

ein del på møte 1. april 1917 og vart sidan prenta i eit lite hefte. Pussig nok heitte det då framleis Sauda Ungdomslag endå heradstyret alt 16. sept. 1915 samrøystes hadde uttalt seg om at det burde skrivast Sauda herad (og Rogaland fylke)

På årsmøtet 8. jan. 1922 vart nye lovar for Sauda Ungdomslag vedtekne. Det var få endringar, men mange tillegg, m.a. lovar for huset og meir utførlege lovar for kaffistova.

Då kaffistova vart seld, vart det aktuelt å endra lovane att. Ei nemnd til det formålet vart vald i 1939. I dei fylgjande 20 åra vart denne nemnda med visse mellomrom etterlyst og gjenvalt heilt eller delvis. Då eg måtte overta formannsjobben i 1958, sette eg difor opp eit utkast til nye lovar byggjande på dei gamle. Med nokre få endringar vart dette vedteke på årsmøtet 24. jan. 1959. Sidan har årsmøta gjort eit par mindre endringar. Lovane er nå prenta i ein faldar som alle medlemmer får utlevert.

*Magne Eiesland.*

## KAFFISTOVENE

Då huset vel var kome opp, og det var gode tider i bygda, ville laget prøva seg med ei kaffistove slik mange av dei store laga i byane hadde. Dei leigde då hus hos Chr. Næss (der urmaker Jensen nå har forretninga si.) Der innreidde Helmer Ringhagen og Andreas Molla gratis på fritida si ei fin kaffistove. Ho vart opna 25. sept. 1915 og Laura Bakka (Hølland) var første styrarinna. Kaffistova gjekk svært godt. Det synt seg snart at ho var for lita. Difor tok laget så smått til å sjå seg om etter eit større hus. Hausten 1917 vart det kjendt at Kaada på Øyra ville selja huset sitt, og det kom på tale at laget skulle kjøpa det til ny kaffistove. (Det er huset som Sauda Sparebank nå eig).

På eit lagsmøte 17. nov. 1917 fortalde 5 medlemmer at dei hadde kjøpt Kaada-huset, og om laget nå ville, skulle det få kjøpa att huset til kaffistove. Dei fleste medlemene var for å kjøpa huset, endå om det vart eit tungt økonomisk løft. Lagsmøtet sette då opp ei nemnd som skulle samla 16 kausjonistar. Ei veke etter hadde nemnda fått kausjonistar, og det vart vedteke med 22 mot 3 røyster å kjøpa huset for kr. 50 000, som dei 5 medlemene ville ha for det.

Sauda Ungdomslag fekk lov å opna kaffistove i dette huset 1. januar 1918. Utanom sjølve kaffistova og kjøken var det to rom i første høgda og eit jenterom ovanpå. Elles vart både 2. høgda og kjellaren leigd ut til ulike personar i den tida ungdomslaget åtte huset. Difor vart det ført to rekneskap, eit for kaffistova og eit for «Fagerlund» som heile eigedommen nå heitte.



*Kaffistova 1935.*

Det var ei prokuranemnd (fullmaktsnemnd) vald 2. des. 1917 som ordna papira i samband med kjøpet. Nemnda var: Helmert Ringhagen, Ola Fløgstad og A. Holm.

Det er tydeleg at laget hadde for liten startkapital til å setja i gong eit så pass stort tiltak. Alt på møte i kaffistove-styret 17. mars 1918 sa formannen frå at stova gjekk med tap. Dei vart samde om å driva til påske å sjå om det kunne betra seg. Styremøte 9. mai 1918 slo fast at kassa var tom og at det måtte kr. 3000.— til nyskiping av stova. Dei vart samde om å skriva ut eit vekselobligasjonslån på denne summen delt på obligasjonar til kr 25.—. Laget har framleis liggjande dei fleste av dei innløyste obligasjonane som syner at det stort sett var ivrige ungdomslagsfolk som kjøpte dei.

På styremøtet 4. juni 1918 drøfta dei å selja Kaada-huset og leiga att den gamle kaffistova, men dei vart samde om å ikkje selja med mindre laget fekk kr. 15 000.— i vinning. Noko meir er ikkje å finna om dette og stova må ha bore seg godt resten av 1918. Frå styrem. 5. jan. 1919 har vi dette referatet: «Då det syner seg at Kaada-huset ikkje greier rentor og avdrag, vart styret samd i, at me skulle taka 3000 kr. av kaffistovekontoen og føra yver på huset soleis at kr. 1000 skulle brukast til avdrag og kr. 2000 til vøling.» — Dette kan ikkje tolkast annleis enn at stova har gått fint og det ser ut til gjelda også for 1919 og 1920. Lagsbøkene omtaler ikkje økonomiske van-


skar i dei to åra, men «Ryfylkeposten» av 2/2 1920 fortel om overskot på kr. 5 000. Derimot var det ein del vanskar med ro og orden serleg om vinteren 1918. Dette vert ofte omtala i lagsavisa som fortel at fleire gutar har trengt seg inn på kjøkenet, halde sjau og gjort ugagn. Det var Sondof Rabbe som fekk den utakksame oppgava det alltid er å ordna opp i slike ting. Sidan ser det ut til at det har vore god orden. I lovane for stova heitte det mellom anna at det skulle serverast norsk mat og leggjast vekt på å skapa eit heimslæg og godt miljø.

Så kom året 1921 som hadde eit underskot på kr. 1600 på kaffistovedrifta. Og i dei neste åra var stillinga svært vanskeleg. 12. nov. 1922 vart det vald ei ny prokuranemnd: O. K. Fløgstad, H. Ringhagen og J. L. Vandvik. Desse skulle ordna med overføring av lån pr. 2/1 1918 på kr. 25 000.— i Sauda Kreditbank til Sauda Sparebank og auka det til kr. 30 000.—. Nemnda skulle også ordna med dei vekslar og papir som vedkom egedomen «Fagerlund».

På møte 4. feb. 1923 vart det vald ei ny nemnd som skulle prøva å få selja «Fagerlund». På omfram-møte 11. feb. 1923 la nemnda fram forslag om å selja for kr. 55 000.— medan Sauda kommune og Sauda Sparebank baud kr. 50 000.—. Etter mykje diskusjon fekk nemnda fullmakt til å selja huset etter beste skjøn, og om det ikkje vart sal, fullmakt til å leiga huset bort. Men det synte seg uråd å få selja til ein pris som kunne dekkja låna på huset og på lagsmøte ei veke seinare vart det løyvt kr. 300.— til stova frå lagskassa. Dette kunne sjølsagt ikkje løysa problemet på lang sikt og i 1924 vart stoda reint ille. Kausjonistane nekta å fornya underskriftene, kreditorane trengde hardt på og formannen drog seg attende og nekta å ha meir med kaffistova å gjera. Enok Bakka tok då frivillig på seg formannsjobben og han greidde å berga stova. Han gjekk rundt til kausjonistane og fekk dei til å nya opp att underskriftene. Samtidig fekk han kreditorane til å slå monaleg av på krava sine. Og dermed synes stova å ha kome over den verste kneiken i si 20 års levetid. Arsmeldinga for 1925 nemner overskot på drifta. Men vi må vera merksame på at laget ofte gav stønad til drifta dei fleste åra frå 1921 til 1927. Og i mange tilfelle gjekk heile overskotet av dei store marknadane spellaget hadde direkte til avskrivning og drifta av egedomen «Fagerlund» og kaffistova.

Ara 1928—1930 var gode år for kaffistove-drifta med store overskot. Men alt året etter 1931 var det såvidt drifta bar seg og lagskassa ytte kr. 2000.— til opp-pussing og reparasjonar på huset.

Nedgangstidene som landet hadde i førstninga av tretti-åra gjorde seg også gjeldande i kaffistovedrifta, men det for-



Enok Bakka.

klarer ikkje åleine det store tilbakeslaget frå året før. I slutten av 20 åra og fram til vinteren 1931 hadde stova ei svært dugande husmor, frk. Hjelle. Diverre sa ho opp plassen då, og den nye styrarinna synes ikkje å ha hatt mykje greie på administrasjon og økonomisk drift av ei slik stove. Men først på styremøte 20. juli 1933 manna styret seg til å seia ho opp: — «Daa styrarinna i lengre tid har utvist mindre interessa, tatt seg for mykje fri um kveldarne o.s.b. og kafédriifti ikkje var som den skulde, blei det avgjort aa byta styrarinna.»

På årsmøtet 4. febr. 1934 oppmoda formannen for kaffistova medlemene til å gå meir på stova. Det ville støtta godt opp om dei det gjorde. Ein annan medlem peika på at medlemene burde syna så pass vyrdnad for sitt eige lag at dei ikkje gjekk på andre kafear og kjøpte mat. Og kanskje desse oppmodingane medverka til at stova på ny gav eit pent overskot i 1934.

Lagsbøkene for 1935 og 1936 melder ingenting om korleis drifta går. — Men rekneskapsbøkene syner overskot på noko over kr. 100 pr. år. Difor kjem referatet av lagsmøte 15. oktober 1936 heller overraskande på den som studerer lagsbøkene: Utdrag av referatet: «Då salg av egedomen «Fagerlund» er mykje umtala i det siste, var det laget skulle taka avgjer um. Båe styri var samde um å tilrå salg til ein sum som laget var samd med. Det synt seg at dei fleste var stemde for salg, då kaffédriifti ikkje bar seg. Det vart so røysta yver um ein skulle selja eller ikkje, 16 røysta for salg og 1 imot.» Dei vart så samde om ein salssum på kr. 45 000.— og ei salsnemnd vart vald.

På møte 24. november same året kom saka opp til endelig avgjerd. Nils Bakka, som tidlegare hadde røysta mot å selja huset, kom då med framlegg om at laget måtte halda på den summen dei tidlegare hadde vorte samde om. Ved avrøystinga fekk han berre ein mann, Samuel Berge, med seg. 16 røysta for kr. 42 500.— og 2 for kr. 45 000.—. Egedomen «Fagerlund» gr. nr. 28 br. nr. 36 av Fløgstad, tilhøyrande Sauda Ungdomslag gjekk over i saga.

Salskontrakta syner samla salssum (med radio og husleige) på kr. 43 275.— og samla gjeld kr. 34 475.— som gjev netto kr. 8 800.—. Og i den meldinga som styret la fram på dei omtala møtene heiter det at «drifti ber seg, men gjev inkje til avdrag.»

Etter dette må ein storleg lura på kva det var som brått skapte den panikk-arta stemninga innanfor lagsstyra. Kanskje var det grunn for å leggja ned stova, men å selja huset var det ingen grunn for. Det kunne leigast bort lettvind, så sentralt som huset ligg. — For ungdomslaget var det til uboteleg skade å missa dette huset og kaffistova. Vi ser det over heile landet at det er laga som har kaffistover, bondeheimer o.s.b. som verkeleg går godt. Dei gjev laga faste inntekter og er ein møteplass for medlemene og det er ofte med og skaper eit godt lagsmiljø.

Og når ein ser tilbake på dei verkelege kriseåra for kaffistova i 20 åra, og tenkjer på det store arbeidet dei ymse styra med formannen og kasseraren i brodden, og likeså den storinnsatsen spellaget gjorde for å halda på huset, då er det dobbelt tragisk at 16 av 57 medlemmer vedtok å selja huset på ei tid då det ikkje skulle vera nokon presserande grunn.

Formennene for kaffistovene: Kasserarane for kaffistovene:

1915	Helmert Ringhagen	1917	Olav K. Fløgstad
1916	Sondof Rabbe	1918	Sondof Rabbe
1917	Kornelius Åbø	1919-20	Johs. L. Vandvik
1918-19	Olav K. Fløgstad	1921-22	Andreas Molla
1920-21	Andreas Fløgstad	1923	Martin Bakka
1922-23	Olav K. Fløgstad	1924-25	Johs. Handeland
1924	Nils Engja	1926-27	Lars Søndena
1924	Enok Bakka	1928	Johs. L. Vandvik
1925-27	Johs. L. Vandvik	1929-30	Tjostolv Hølland
1928-30	Torbjørn Eik-Nes	1931-32	Nils Bakka
1931	Karl Fløgstad	1933-34	Ove Fløgstad
1932-34	Leif Berg	1935-36	Johs. O. Handeland
1935-36	Johs. L. Handeland		

Eg finn ikkje grunn til å rekna opp alle styremedlemene i desse åra. Trass alt kviler ansvaret og pliktene i slike forretningstiltak på formannen og kasseraren, og det er ikkje lite arbeid desse gjeve menn har lagt ned til beste for Sauda Ungdomslag.